


Ikke konflikt med kulturminne

23.09.2009



Slik er traseen for den nye vegen teikna.

**Fylkeskonservator Per Morten Ekerhovd har no gjeve uttale om den planlagde Blomstølsvegen skogsveg på Rød. Han har gjort det som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern. Ekerhovd kan ikkje sjå ut frå arkiva at dette tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne.**

Derfor har ikkje fylkeskonservatoren avgjerande merknader i saka utover at ein under opparbeidning av vegen sokjer å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, brakkemurar, tufter med meir.

Fylkeskonservatoren nemner som døme at stølsvegar ofte reknast for automatisk freda dersom det er gjort funn nede på sjølve garden og ein veit at stølsdrifta skriv seg attende til i alle høve eldre jernalder mange stader på Vestlandet.

Han ber om at det vert lagt vekt på å utføra tiltaket så skånsomt som mogleg for kulturlandskapet, prøva å unngå skjemmande skjeringar og sprengstein utover i terrenget.

Av Ola Matti Mathisen